

Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR
NR. 1 – APRIL 2003

INNHALD:

- Side 2 **Stølsdrifta treng eit løft!**
- Side 3 **Avhengig av setra**
- Side 4 **Seterkultur i framtida**
- Side 6 **Småstoff**
- Side 7 **Vi treng varige aliansar for levande bygder**
- Side 7 **Stølskonferanse**
- Side 8 **Stølen som internasjonal møteplass**
- Side 9 **Med tradisjonar tilbake til vintersetringa**
- Side 10 **Vellukka konferanse med kvinner i alle hovudroller**
- Side 11 **Grønt spa tak**

Norsk
Seterkultur

Neste utgåve av Seterbrukaren kjem i juni. Da vil vi presentere "Seterkaldenderen" med omtale av arrangement i sommar, så meld frå i god tid. Seterkaldenderen er også å finne på www.seterkultur.no

Foto

Seterbrukaren utfordrar lesarane til å bidra både med stoff og - ikkje minst - fotografi frå seterlandet! Og no er det tid for å planleggje "fotosommaren"! Det er for seint hausten når buskappen er ført heim og seldøra låst ...! Norsk seterkultur planlegg å byggje opp eit fotoarkiv, som dokumenterer mangfaldet i den norske stølskulturen. Og i neste Seterbrukaren presenterer vi ein konkurranse om dei beste stølsbileta sommaren 2003.

Stor takk

til Torhild Svisdal Mjøen for vel utført arbeid som redaktør for Seterbrukaren sidan 1999. Torhild var med i prosjektstyret førut for skipinga av Norsk seterkultur. Vi har full forståing for at forsøksringen, garden og familien krev tida og arbeidskrafta, men veit at Torhild vil halde fram med å arbeide for seterdrifta - og framleis vil vera ein del av det store faglege nettverket organisasjonen har å spele på.

Styret:

Leiar:

Jostein Sande, 6214 Norddal.
Tlf 70259108. jossande@online.no

Marit Hoel, Skrenten, 6400 Molde.
Tlf 71244604 hoel.marit@c2i.net

Anne Ulsaker Bækken,
3560 Hemsedal. Tlf 32060266
aub@ulsaakstolen.com

Gjermund Stormoen.
TINE BA. Tlf 22938800.
gjermund.stormoen@tine.no

Kjersti Reksten Sole,
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50
georgsol@frisurf.no

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal
telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no
Bankgiro: 2357 20 51169
Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: NordvestTrykk

Framsidedfoto: Frå Renndølsetra i Innerdalen på Nordmøre. Foto: Stein Siem

Leiar

Stølsdrifta treng eit løft!

FNs fjellår 2002 vart ei sterk markering av den aukande interessen for seterdrifta, både som tradisjonsbunda og framtidsetta driftsform i landbruket. Gjennom ei rekkje arrangement understreka friluftsfolk, så vel som fagfolk innan mange felt, at levande fjell og levande bygder er to sider av same sak. Vi har fått dokumentert at kun eit småskala landbruk med utstrekkt bruk av utmarksbeite kan sikre det biologiske og kulturelle mangfaldet i utmarka sitt kulturlandskap. Og fjellåret har tydeleg vist kva potensiale stølane og seterdrifta har som utgangspunkt for utvikling av småskala foredling og som arena for ny verdiskaping innan reiseliv og grøn omsorg. Setrene og seterområda representerer eit stort potensiale for framtidig næringsverksemd, sysselsetting og trivsel i bygdene. På stølane har kunnskap og kompetanse innan småskala foredling overlevd, ei "gullgruve" å ause av i dag - til beste for auka mangfald i tilbodet av matvarer.

LANDBRUKSPOLITIKKEN AVGJER!

Men trass fine ord og solid dokumentasjon, seterdrifta er trua! Minst 60-70 prosent av stølane blir haldne i hevd av småbuskapar. Slik er det både i dei "tunge" seterområda i Oppland og i resten av landet. Den gjennomsnittlege stølsbuskappen er gjerne på 12-15 årskyr, og desse har ikkje fått det lettare siste åra! - Det blir tala om særlege tiltak for stølsdrifta, og sjølsagt vil både ein internasjonal status for denne driftsforma og eit auka setertilskot vera positivt for motivasjon og kreativitet. Men til sjuande og sist står og fell framtida for seterdrifta, som levande og langsiktig driftsform, med den generelle landbrukspolitikken - og rammevilkåra for mjølkeproduksjonen spesielt. Når det frå ulike hald blir teke til orde for ei dramatisk

omstrukturering av mjølkeproduksjonen er seterdrifta så absolutt i fare!

BEREKRAFTIG LANDBRUK

Det er grunn til uro - og det krev engasjement! Dette handlar om meir enn strukturen i mjølkeproduksjonen isolert sett. I mange bygder er mjølkeproduksjon med stølsdrift sjølve ryggraden for busetnad og aktivitet i dag, og med stort utviklingspotensiale for framtida - både for landbruket og næringslivet elles i bygdene.

Knappt noko passar betre enn seterdrifta inn i utviklinga av eit robust, berekraftig og multifunksjonelt landbruk. Og det handlar om dyktige bønder, stoltheit og kvalitet både i dyreetikk og haldningar til den viktige produksjonen dei driv.

KOSTNADSEFFEKTIV KULTURLANDSKAPSPLEIE

Tilskotet til setring på kr. 13.000,- er ingen stor sum, men mange seterbrukarar seier dette handslaget er

viktig for drifta deira. Den beitebruken seterdrifta - med 15-20 000 mjølkegeit og 35-40 000 kyr - står for, representerer ein svært kostnadseffektiv skjøtsel av enorme areal av kulturlandskapet vårt. Tilskotet til setring er viktig for den samla beitebruken, og ein monaleg auke av dette vil framleis vera eit svært rimeleg verkemiddel for både å ta vare på og vidareutvikle ei næring og oppfylle internasjonale forpliktelsar på område som kulturlandskap og biologisk mangfald. Setertilskotet utgjer i dag vel 20 millionar kroner, og sjøl med ei dobling ville det ikkje vera store summen i høve til gevinsten for kulturlandskap, biologisk mangfald, ny næringsutvikling og trivsel for både bygdefolk og tilreisande. - Når LD, NB og NBS set seg til forhandlingsbordet bør det vera sjølsagt at stølsdrifta får eit løft!

J.S.

Innkalling til årsmøte i Norsk seterkultur søndag 11. mai kl. 09.30

i Øyer - på Quality Hotel Hafjell. Vi inviterer samstundes til fagseminar laurdag 10. mai.

Foreløpig program for seminar og årsmøte. Endeleg program blir sendt medlemene og gjort kjent via www.seterkultur.no, gjennom lokalaviser og samarbeidande organisasjonar.

Laurdag 10.05:

12.00 Lunsj ved fram møte.
13.00 - 18.00 Seminar med hovudvekt på utfordringar i produksjon og økonomi, politikk og forvaltning og næringsutvikling knytt til småskala foredling og turisme.
20.00 Middag. Kulturelle innslag.

Søndag 11.05.:

09.30 Årsmøte i Norsk seterkultur.
- Årsmøtesaker i samsvar med vedtektene
12.00 Avslutning og lunsj

Påmelding:

Dei som vil delta på heile eller deler av arrangementet melder frå til Norsk seterkultur, 6214 Norddal, tlf. 70 25 91 77, faks 70 25 91 57 eller e-post: seter@seterkultur.no
Påmelding til NSK så snart som råd - og seinast ei veke i førevegen.

Unge bønder i Rennebu

Avhengig av setra

Når vi kjem innpå setervollen og let att grinda etter oss legg vi att bekymringane på andre sida av grinda. Vi kjem vekk frå mas og jag, får ein pause i det daglege strevet i eit miljø prega av det enkle, der både vaksne og born trivst veldig godt.

Det er Ragnhild og Martin Grendal i Bortstuggu Grendal i Rennebu kommune i Sør-Trøndelag som fortel dette. Familien består elles av Ole på åtte og Magnar på fire, aktive karar som også likar seg godt på setra.

Vi er i Trollheimen, i eit område der seterdrifta har hatt stort omfang. Setra til Ragnhild og Martin heiter Seåsen, og den ligg 5 km frå garden - kring 450 m.o.h. Dette er heimsetra til Bortstuggu Grendal, som før om lag 1920 berre var bruka til slått. Sidan har det vore kontinuerleg setring der. På langsetra i Jøldalen, 1 1/2 mil frå garden, har det ikkje vore drift på lenge - men husa er haldne i hevd. Ragnhild og Martin fortel at dei flyttar buskapen til setra midt i juni og er der til midt i september. 16-17 kyr blir mjølka - og i tillegg er kvigene med for å venne seg til livet på setra. Bruket har ein kvote på 101 tonn, og innmarka på garden omfattar kring 150 dekar. Ved setra har dei eit innmarksareal på 65 dekar som blir hausta til silo, medan kyrne får beite håa når utmarksbeitet tapar seg. Litt av avlinga blir elles tørka - til fint "kalvhøy". Ragnhild og Martin understrekar at setra er svært avgjerande for drifta av garden.

Det er ei seter til i bruk i nærheiten, men etter at det vart slutt på slått i området og beitinga redusert har skogen - bjørk og furu - vokse mykje til. Attgroinga reduserer beitekvaliteten - og å finne kyrne i tett skog er dessutan ei utfordring! Bjøllene høyrer ikkje langt i slik mark. Derfor har dei satsa på radiopeileutstyr. Er det mykje sopp, da ser det ut til at kyrne gløymer tid og sted. Så etter første langturen blir slikt moderne utstyr teke i bruk. Det vil seie, det har gått bedre siste åra. Kyrne har fått likare vanar siste åra - og kjem som oftast fort når vi lokkar, fortel Ragnhild.

Det er lagt ned mykje arbeid på husa på setra, både for å ta vare på det gamle og å gjera dei funksjonelle i høve til drifta i dag. Fjøset er opprinneleg ei høyløe, som dei har lagt ned stort arbeid på å restaurere. Seterstuggu har ein gong vore husmannsstuggu nede i bygda, og dei har gjort mykje for å gi bygninga det



Garden til Ragnhild og Martin Grendal i Rennebu.

oppfavlede preget. Der bur dei det meste av sommaren, og reiser ned i bygda om dagane for å arbeide med slått og anna som krevst. Ragnhild og Martin legg stor vekt på den trivselen setra gir, og deler det gjerne med andre. Det meste av sommaren tek dei stellet sjøl, men det er ikkje så vanskeleg å få familie eller venner til å stille opp ei veke eller to, slik at dei kan ta ein tur bort nokre dagar. Dei har elles vore med på "Grønt Spatak", og sist sommar var to unge jenter som er aktive i Natur og Ungdom med dei på stølen ei veke. - Det er viktig at vi stiller opp for eit slikt positivt prosjekt, at mange ungdommar kjem ut på gardar og setre - og fortel vidare om gode opplevsar - det byggjer viktige alliansar, seier Ragnhild - som sjøl har bakgrunn frå NU.

Dei har ikkje satsa noko på foredling av mjølk på Seåsen, anna enn til husbruk, men dei driftige brukarane er opptekne av at produkt frå setermjølkmjølkmiljø produsert på utmarksbeite burde vore utvikla og særskilt profilert. Elles har dei tankar om utvikling av opplevingstilbod og kunnskapsformidling i tilknytning til setra, og kompetansen skulle vera i orden sidan dei bår er utdanna naturforvaltarar. Seterdrifta er ei driftsform med aktuelle kvalitetar for ei berekraftig utvikling, den er i utgangspunktet ein svært positiv del av landbruken vårt - som det ikkje bør vera vanskeleg å få forståing for. Og Seåsen ligg i eit område med mange flotte og sjeldne orkidear!



Hesjing i «Trønderbunad» (regntøy), det blir fint kalvehøy.

Seterkultur i framtida

GRØNN VAR MIN BARNDOMSDAL – MED RINGEBU OG ØKSENDALEN SETER.

Jeg husker budeiene Berit, Ingrid og Anette. De som serverte nybakt kringle – bakt i god gammeldags kjøkkenovn. Budeiene som alltid hadde tid til å ta med oss ongene å mjølke. Når jeg nå er ordfører i Tolga kommune, føler jeg et ansvar for å ta vare på og være med og utvikle viktige verdier som landbruket står for – for kommende generasjoner og i sammen med brukerne. Det hjelper ikke hva vi politikere prater, visst vi ikke har med oss utøverne – de som vil og kan drive. Vi politikere må inspirere og arbeide med rammebetingelsene – og alle står vi overfor store omstillinger. Jeg tror vi får til mye visst vi spiller på lag og spiller våre kort riktig. Seterdrift er en unik kultur i internasjonal -sammenheng og som mange

higer etter å få oppleve. Seterkulturen vil jeg jobbe for!

Nord-Østerdalen er og blir spesiell med sin seterkultur. Norge har ca 1670 aktive seterbruk - herunder 320 i Hedmark. Tolga kommune har 55 enkeltsetrer og 16 fellessetrer. Det er spesielt Nord- Gudbrandsdalen, Valdres og Nord- Østerdalen som er særegne med tanke på seterkultur.

Utfordringen blir å ta vare på og inspirere til fortsatt seterdrift i framtida. Dette krever ekstra innsats for landbruket ser ut til å utvikle seg i to retninger:

1. Større bruk.
2. Bruk med økt videreforedling og høyere pris på bearbejda produkter.

Større bruk er en ny trussel mot de få seterbruka som er igjen. Vi ser nok en trend

der flere eiendommer står uten arvtakere, og der jorda blir leid bort til nabobruka. Leie av jord i rimelig nærhet – er enklere enn å dra på setra. Med mindre at seterdrifta står som fram som en viktig verdi og en bedre livsstil for familier. Etter hvert som bruka blir større, blir det flere steder

Aktiv seterdrift i framtida handler om flere ting. Nasjonal landbrukspolitikk, økonomiske virkemidler, vår egen evne til å bruke utmarksressursene og ikke minst at vi sjøl setter verdi og stolthet på en særdeles viktig kultur. Det handler også om at vi klarer å ta oss betalt for unike opplevelser i seterkulturen og som storfunnet og kanskje spesielt småbarnsfamilier higer etter.



Nord-Østerdalen har flotte seterområde. Biletet er frå Folldal.

TIL EKSEMPEL:

I Valdres-regionen har de gjort seterflytting til en stor turistopplevelse, organisert via turistkontoret.

En dagopplevelse i Hunderfossen og Tusenfryd koster oppunder 1000 kr for en familie. Jeg mener at en dag til seters gir langt mer og kan appellere til langt flere visst vi klarer å organisere dette på en enkel og grei måte – for brukere som kan være interessert i å prøve turistnæringa.

Ny samfunnsutvikling. Fremtidsforskere påstår som følger: Vi har penger nok, mat nok, hus nok, klær nok, biler nok. Men vi har ikke nok opplevelser i livene våre. Tilværelsens uendelige tomhet skaper nye markeder. Pengestrømmen vil i framtida rettes mot den som står for trygghet, tradisjon, vennskap, eventyr og opplevelser. I distriktssammenheng kan det være at et egg fra burhøns koster en krone, fra frittgående høns fire kroner og visst forbrukerene får plukke sjøl, så er hun villig til å betale 8 kroner. Og bare sett denne framtidsvisjonen inn i seterkulturens muligheter.

Det er flere årsaker til at seterdrifta er særdeles viktig.

Seterdrift og utmarksbeiting utfører viktig skjøtsel av svært gammelt kulturlandskap og er en forutsetning for biologisk mangfold.

Bruk av utmarksressursene bedrer lønnsomheten og er et alfa og omega for landbruket i fjellbygdene

Husdyr i Norge henter ca 320 millioner forenheter på beite. Ved en verdi av kr 2.50 pr forenhet, utgjør dette ca 800 millioner kroner. Omregnet for Nord-Østerdalen utgjør dette ca 5 millioner for storfe, og ca 18 – 20 millioner for småfe, sau og geit.

Gjengroing truer i dag verdifulle kulturlandskap over hele landet. Store jordbruksareal har gått ut av produksjonen,

tradisjonell forhøsting på marginal mark er nær forsvunnet og bruk basert på ekstensiv produksjon legges ned med en hastighet på over 2000 bruk i året.

Seterdrift byr på nye inntektsmuligheter for brukere som vil prøve turistnæringa.



Marit Gilleberg brenn for setra.

Med bakgrunn i dette har Tolga kommune i samarbeid med andre kommuner i Nord-Østerdalen, Fylkesmannens landbruksavdeling og faglaga i regionen initiert et arbeid som skal fremme og utvikle seterkulturen i framtida.

Vi inviterer derfor til årsmøte i Norsk Seterkultur i 2004 og for å fortelle om status i vårt arbeid.

Med hilsen Marit Gilleberg,
ordfører i Tolga kommune



Takk

til Tine BA for økonomisk støtte til utstillinga og standen NSK hadde under den store fjellårs-konferansen på Røros i desember - og takk til Tine si avd. i Folldal for ost til standen. Desember er ikkje tida for stølsost, så Bestemorost, Surost og G 35 frå meieriet i Folldal var god å ty til når folk skulle få ein liten smak av kva godt som kan lagast av mjølk frå fjellbygdene.

Vi brenner for levende bygder

- derfor skal ikke WTO bestemme hvordan Norge skal se ut i framtida!

- var Norges Bygdekvinnelag si klare melding til regjering og storting under WTO- aksjonen i februar. Og Norsk seterkultur var med på NBK sin apell, saman med Norske Kvinners Sanitetsforening, Norges Fiskarkvinnelag, Norges Kvinne- og Familieforbund, Den Norske Turistforening og Kommunikasjonsforbundet.

"Ta eit tak 2003"

vart offisielt lansert på Norsk Skogbruksmuseum på Elverum 27. januar. Det er tredje gongen Norsk Kulturarv gjennomfører ein slik aksjon - denne gongen retta mot bygningar knytt til skogbruk, jakt og fiske. Men samstundes tek ein no fatt på planlegginga av ein tilsvarande aksjon i 2005 - med fokus på setermiljøet i nasjonal samanheng. Norsk seterkultur går med i dette arbeidet som referansegruppe og for å gi råd til gjennomføringa av aksjonen.

Korleis "Sæterjentens Søndag" vart til



I ein artikkel i Dagbladet 6.12.02 fortel avd.dir. ved Universitetsbiblioteket Sissel Nilsen om registrering av gammalt materiale etter Johan Diederich Behrens, stiftaren av landets eldste kor - Den Norske Studentersangforening. I Behrens manuskripter har historia om korleis "Sæterjentens søndag" vart til kome for dagen, og vi siterer frå Arne Dvergsdal sin artikkel i Dagbladet: " I taknemlighet for en fest som studentene hadde arrangert i desember 1848, komponerte Ole Bull et større tonemaleri kalt " Gode December" . Behrens festet seg ved et mindre utsnitt, tilføyde teksten " paa Solen jeg ser" av Jørgen Moe og ga verket den nye tittelen " Sæterjentens Søndag" . I 1851 ble sangen satt ut for mannskor av F.A. Reissiger, og dette manuskriptet ble nylig funnet under arbeidet med konservering av Behrens-materialet -" .

Småskala matproduksjon

er tema for "workshop" i Bodø, i regi av Nordlandsforskning og Handelshøgskolen i Bodø, 5.-6. mai. Tema er " Entrepreneurship in Regional Food Production" , det er foredragshaldarar frå mange land - og målgruppa er forskarar, bønder, industri, rådgjevarar og politikarar og forvaltning. Mange emne vil bli belyst, også potensialet for ny næringsutvikling som ligg i vår mangfaldige seterkultur. Jostein Sande skal halde innlegg om sistnemnte tema.

Nordisk

kulturlandskapskonferanse

i Ulvik i Hardanger 2.- 4. juni. Landskapet som ressurs, er tema for konferansen. Arrangørar er: Nordisk Ministerråd, Landbruksdepartementet og Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavd. For førehandsregistrering og tinging av program kontakt Steinar Sørli, FMLA Hordaland, P.b. 7315, 5020 Bergen.

E-post: steinar.sorli@fm-ho.stat.no

Informasjon:

www.nordisk-kulturlandskap.no

Kulturlandskap

-politikk og forvaltning

er tema for kulturlandskapskonferanse i Geiranger 18.-20. august. Der blir det store kulturlandskapsprosjektet i indre Storfjorden presentert med konkrete drøftingar kring framtidig skjøtsel og forvaltning. Det blir fokus på aktuelle verneplanar - m.a. det føreslegne Geiranger-Herdal landskapsvernområde - og ikkje minst framlegget om å få området inn som verdsavobjekt. Endeleg program kjem i april. Nærare info om konferansen hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshusa, 6404 Molde - Internett: www.fm-ho.stat.no

Mange vil bli budeie!



Setrene gir mange sommarjobbar med fine opplevingar til ungdom frå inn- og utland. Norsk seterkultur driv " jobbformidling" på www.seterkultur.no, der både dei som ynskjer seterjobb og dei som treng hjelp på setra kan annonsere - og i desse dagar er det mange som vender seg til NSK via e-post, faks eller telefon. Vi har ikkje ressursar til å drive arbeidsformidling, men nettsida med " Markedsplassen" stiller vi altså til disposisjon. Biletet viser budeiene på Eikemostølen i Etne sommaren 2002: Henriette Røed frå Nittedal og Hanneline Meling frå Stavanger.

Vi treng varige alliansar for levande bygder

NORSK SETERKULTUR HAR i vesentleg grad brukt fjellåret til alliansebygging. Konferansen "Fjellenes kvinner" på Røros i desember markerte slutten av fjellåret, men au starten på ei vidareutvikling av samarbeid og alliansar - som ikkje minst er motiverande for oss som driv setring og alle andre som brenn for seterkulturen. For første gong var kvinnenens rolle i forvaltninga av natur og friluftsliv tema for ein konferanse, og i særleg grad vart det sett fokus på den verdien småskala landbruk, seterdrift og beitebruk har for forvaltninga av fjellområda våre. Vi merkar oss Øystein Dahle sine ord i "Fjell og Vidde", der han oppsummerer fjellåret: - "ingen andre arrangement kan etter min oppfatning måle seg med avslutningskonferansen på Røros

Øystein Dahle om "Fjellenes kvinner": - først og fremst en konferanse planlagt i hovedsak av kvinner og gjennomført med kvinner i alle hovedrollene og til karakter særdeles i både stil og innhold."

før jul : "Fjellenes Kvinner". Praktfulle Røros i vinterkulde, enestående kulturarrangement i Brekken-bygda og ikke minst midnattsgudstjeneste i Røros kirke med selveste Nidaros-biskopen. Men først og fremst en konferanse planlagt i hovedsak av kvinner og gjennomført med kvinner i alle hovedrollene og til karakter særdeles i både stil og innhold."! - Og Dahle var blant dei foredragshaldarane som sterkast understreka kor viktig det er å ta vare på levande bygder, og han følgjer opp i "Fjell og Vidde" med å peike på at begrepet levande bygder har fått fornya merksemd i fjellåret. - "I alle fjell-land som har markert Fjellenes år, har leveforholdene for de mennesker som bor nærmest fjellene, vært et sentralt emne. I vårt eget land med ufattelige ressurser til disposisjon er vi ikke i stand til å hindre at gjennom-

snittlig åtte gårdsbruk nedlegges daglig. Vi lar oss knapt opphisse av en nedbygging av Utkant-Norge, som ingen før oss har sett maken til. Mennesker fortviler, kompetanse blir borte, forvalterrollen svekkes og kulturlandskapet gror igjen. "Sunne fjell forutsetter levende bygder" har vi understreket i hele fjoråret, og vi vil fortsette i år med hevet stemme, fordi problemstillingen krever en ropert. Det er ikke bygdefolket som skal rope om hjelp, men vi som i hovedsak bor i byene, må se vårt ansvar i å opprettholde bosetningsmønster og næringsaktivitet. Om 20 år vil den norske landsbygda være avfolket hvis vi bare lar utviklingen skje. Da er det for sent å gjøre noe. Det trengs menneskelige og finansielle ressurser, det trengs kreativitet og mot, men først og fremst trengs det tro på fremtiden. Og nettopp tro på fremtiden er den landbrukspolitiske utfordring". - Godt grunnlag for varige alliansar!

J.S.



Eit triveleg følgje på seterveg...

Landbruksministeren kjem, kjem du?

Stor stølskonferanse er planlagt gjennomført på Beitostølen 4. og 5. september, med tittel " Norsk stølsdrift - levende kulturarv av stor internasjonal verdi. Et skattkammer for utvikling av landbruk og reiseliv?"

Den konkrete planlegginga av konferansen tok til i fjor sommar, og no er programmet i ferd med å ta form. Arrangørar er Fjellregionsarbeidet, Landbruksdepartementet, Norges Turistråd, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Bondelag og Norsk seterkultur. Vi vil informere meir i Seterbrukaren og på www.seterkultur.no når programmet er klart.

Kan ikkje bygge nytt med 90 tonn kvote

er tittelen på eit intervju bladet Bedre Gardsdrift har med Arne Skeie - rekneskapsfører i BR Økonomi og Rekneskap på Voss. " Du kan fornye traktoren kvart 14. år, og halde husa vedlike, men du kan aldri bygge nytt, om mjølkekvoten er 90 tonn" , seier Skeie - med utgangspunkt i dei nye krava i husdyrforskriftene. Og da er det snart " slutt på sjølvstendig mjølkeproduksjon på gardar som for få år sidan var sett på som store, eller som i dag er eit gjennomsnittsbruk, er Skeies dystre påstand". Og Skeie ser heller ikkje stort håp for små samdrifter, og underbygger synspunkta med økonomisk analyse.

Katastrofe for stølsdrifta

seier **Geir Hauge**, mjølkeprodusent og aktiv seterbrukar i Fræna, i ein kommentar til oppslaget i Bedre Gardsdrift. Det er vel ikkje så veldig mange med så stor - eller større - kvote som driv tradisjonell stølsdrift, og med slike økonomiske perspektiv blir det vel helst til at folk avviklar drifta, fryktar Hauge. Han meiner det bør kjempast for mulegheita for unntak for desse bruka, krav om nye lausdriftsfjøs er drepen for stølsdrifta. Og det er ikkje vanskeleg å finne gode argument: ingen kyr har det vel bedre ein dei som får leve fritt på ei seter! - Hauge trur heller ikkje på samdrifter i denne samanheng, for ingen kjem vel til å ta kyrne ut av samdrifta for å drive stølsdrift? Ja, kanskje blir seterfjosa ulovlege også, det er vel ikkje mange av desse som har lausdrift, seier Geir Hauge, som oppmodar Norsk seterkultur om å bruke alle mulege faglege og politiske kanalar for å få til unntak som gjer at seterdrifta kan halde fram!

Stølen som internasjonal møteplass

Gjennom Utviklingsfondets prosjekt "Volunteers for Sustainable Development" (VSD) har deltakere fra Afrika, Mellom-Amerika og Asia fått møte norsk stølsdrift - som del av praksisperiodar på norske gardsbruk. Såleis fekk 5-6 av deltakarane praksis på stølar i Hemsedal og Norddal i fjor, og nye står for tur sommaren 2003. Prosjektet som Utviklingsfondet gjennomfører i samarbeid med Norsøk (Tingvoll) og Noragric (NLH-Ås) har samanheng med det "nye" Fredskorpset, der samarbeid mellom organisasjonar og institusjonar i nord og sør, inkludert eit utvekslingsprogram, står sentralt: ein skal lære av kvarandre! Det var i denne samanheng Viviane Hoveka frå Namibia deltok i NSK sin "delegasjon" under konferansen "Fjellenes kvinner", og presenterte VSD og sitt arbeid heime i Namibia. Viviane fekk prøve stølslivet med geit i Norddal og med kyr i Hemsedal. Kanskje har norsk stølsdrift relevans jamvel under andre himmelstrok – og utvilsamt kan vi – hente kunnskap og kompetanse utanfrå!



Viviane Hoveka var ein av VSD-deltakarane som fekk skikkeleg budeieerfaring både i Hemsedal og Norddal. Viviane var elles med i NSK sin "delegasjon" til konferansen "Fjellenes kvinner" på Røros, og presenterte prosjektet sitt der. Her er Viviane saman med medbudeie Sofia Davis og kjeet Mukkemelle - etter endt ysting på Herdalssetra i Norddal.

Ønsker jobb på sæter

Jeg er ei 17 år gammel jente fra Staven 4H som ønsker å jobbe på sæter i sommer. Dette er i forbindelse med min 4H-oppgave "På sætra" som jeg har valgt i år. Jeg vil gjerne lære om sæterdrift både i gammel og ny tid, men er mest interessert i gammel-dags drift. Har bestandig hatt interesse for stell og pass av dyr, som hest, ku, kalv, sau m.m. fra opphold på forskjellige bondegårder, men det er stadig noe nytt å lære. Jeg er svært villig til å ta i et tak for å lære mer.

Jeg er interessert i stell av dyr, ysting av ost, kjerning av smør - og hvordan driften på en sæter fungerer og verdien av å ha en sæter i forhold til den øvrige gårdsdriften. Vil gjerne ha et sæter-opphold en gang i juni-august 2003. Jeg interesserer meg virkelig for dette og håper på positivt svar.

Vennlig hilsen
Elin Larsen, Postboks 16, 1484 Åneby
Tlf. 67075716, mobil tlf. 93087409

Røroskalv



4H har eit fint opplegg for dei som ønsker setra som oppgave – og det er sjølsagt viktig at ungdommen får lære det praktiske seterlivet å kjenne.

Rusli i Sjordalen

Med tradisjonar attende til vintersetringa

*Rusli-setra i Sjordalen.*

DET ER IKKJE SIKKERT SETERDRIFTA isolert sett er så lønsam, men det gir god avveksling og så er det tilfredsstillande å vera med på å ta vare på kulturlandskapet og ei driftsform med slike lange tradisjonar. Seterdrifta blir positivt oppfatta i samfunnet elles, til stor verdi for heile landbruket og for turistnæringa. Det er Tor Sandbu i Vågå som seier dette. Saman med kona Astrid driv han gard med mjølk og kjøttproduksjon på Lunde, og seterdrift i Sjordalen - nærare bestemt på setra Rusli, om lag 5 mil frå garden. Der var det jamvel vintersetring, som vi omtala i førre utgåva av Seterbrukaren, til tett føre andre verdskrigen.

Rusli ligg tett ved elva Sjoa og vegen over Valdresflya - om lag 2 mil ovanfor Randsverk. Dit fører dei kvar sommar nærare 30 kyr og i tillegg kviger og kalvar. I dag går transporten føre seg med bil, men kvigene blir ført til fots frå Randsverk, der dei først beiter ned lykkja ved kvilingssetra før dei tek fatt på siste etappen til Rusli. Tor fortel at mange ynskjer å vera med på turen oppover dalen, som går etter gamle vegar og stigar - mest ikkje innom asfalten i det heile. Og faktisk har han sjøl vore med å jaga heile vegen heim frå setra ein gong - i 1955. Å gå med bu-

skapen heile vegen tok minst 16-17 timar! Sidan har lastebilar teke over transporten til setrene i dette området; sjølsagt ikkje heilt billeg når store bølingar skal til fjells. Rusli ligg i statsalmenningen, i eit område der det var svært vanleg med vintersetring. Den lange avstanden til gards gjorde det naturleg og praktisk å føre dyr oppatt seinhaustes for å nytte seterhøy og - ikkje minst - all den mosen dei sank i fjellet. Den store låven har såleis mosahjell.

Astrid og Tor Sandbu flyttar kyrne til seters kring 1. juli, etter at slåtten er gjort unna heime, og er på setra 6-7 veker - så lenge beitet held god kvalitet. Det er framleis 6-7 andre setre i drift i området og anna beiting, men attgroinga er i ferd med å bli eit problem. Vi tek faktisk til å merke at utmarksbeitet der ungdyra går ikkje er så godt som før, seier Tor. Bruket deira har ein mjølkkvote på 150 tonn, har kring 200 da innmark og leiger store areal i tillegg. Det er også 40 dekar dyrka på setra, som dei delvis beiter og delvis slær til rundballar. Ein del kyr er nybære, så det krevst godt beite. Såleis leiger dei nabosetra, og har ei stor inngjerda kvie som dei gjødslar for å ha tilstrekkeleg beite. Og avdråtten held seg i allefall godt oppe i juli, seier Tor, som elles fortel om eit interessant

forsøk i vinter med å ha åringskvigene ute. Eit reiskapshus gir tak og veggjar, men maten får dei i form av rundballar ute. Dyra var rima på ryggen da temperaturen kraup under 25 minusgrader, men det var ingen tegn til at dei fraus. Dei har tjukk pels og det ser ut til å vera ein vellukka og billeg måte å "utvide" fjøset på, fortel Tor, som legg til at det sjølsagt er viktig at rundballane er ganske tørre når ein skal fore ute i kalde.

Astrid og Tor er på setra sjølve. Fjøs og låve er frå 1914, men er sjølsagt modernisert slik at både røymjølkanlegg og mjølkrom held dagens krav. Straumen syter eit traktoraggregat for. Det er fleire og store hus på denne setra, og dei leiger bort ei bu på åremål. Det gir triveleg selskap, seier Tor, som au held fram at det er viktig å ta vel imot folk som kjem innom setra. Dei har ikkje noko organisert mottak av turistar, men det er sjølsagt mange som fattar interesse når dei ser ku og kalv på beite tett ved vegen. Elles har vi hatt nokre opne arrangement på setra, med ysting og kinning, men vi har ikkje satsa noko på dette utover å koke ost til eige bruk nokre få gonger kvar sommar.

"Fjellenes kvinner" på Røros

Vellukka konferanse med kvinner i alle hovudrollar

STERKT FOKUS PÅ KVINNENE si rolle i fjellforvaltninga, mange innleiarar som la vekt på dei feminine verdiane i bruken av fjella, kvinner i ordstyrarrollen og fleirtal kvinner i salen, skapte ein annleis, svært spennande og vellukka konferanse da nær 200 fjellfolk sette kvarandre stemme på Røros tett før jul. Konferansen "Fjellenes kvinner" markerte slutten på FN's fjellår, og bak arrangementet sto Den Norske Turistforening, Norges Høgfjellscole, Norsk seterkultur, Friluftslivets fellesorganisasjon, Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning.

Omtalen i media og meldingane frå deltakarane etter konferansen var svært positive, og no er det klart at det blir ei vidareføring av det positive samarbeidet som har vorte etablert gjennom førebuinga og gjennomføringa av konferansen, fortel Åshild Dale, som var Norsk seterkultur sin representant i konferanse-komiteen.

Dronning Sonja opna konferansen og deltok på det meste av det tettepakka todagars programmet. Miljøvernminister Børge Brende heldt foredrag første dagen. Mange av foredragshaldarane sette fokus på bygdeverdiar, betydninga av aktivt landbruk for levande bygder, og seterdrifta og seterkulturen hadde også brei plass i programmet. Gunhild Brun, sauebonde i Numedal, Hege Nerland, økobonde med seterdrift i Hemsedal, Randi Karlstrøm, bygdeutviklar, Krf-politikar og tidl. generalsekretær i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Elin Lerum Boassen, leiar i Natur og Ungdom og Jostein Sande, geitebonde og leiar i Norsk seterkultur var tydelegast i så måte, men også mange andre la stor vekt på samanhengen mellom levande fjell og



NSKs delegasjon på Røros: Frå venstre Ingrid Armeng, Marit Hoel, Åshild Dale, Viviane Hoveka og Jostein Sande – sistnemnde i ein "birolle".

levande bygder. Mange positive signal og vilje til å kjempe for bygdene prega konferansen, noko som elles er sjelden kost i våre dagar. Rigmor Solem, opprinneleg frå Surnadal, no busett i Valdres - med jobb i Statens naturoppsyn, sto for eit tankevekkande lysbildekåseri om "møte med kvinner i fjellet". Solem var elles leiar i komiteen som sto for arrangementet - og er no i spissen for vidareføringa av det engasjementet som kom til syne på Røros.

Festmiddagen i Brekken, der "Brekkekjærring" serverte eit storarta måltid av lokalt foredla tradisjonsmat frå fjellbygda

og midnattsmesse i Røros kyrkje - med biskop Finn Wagle - danna ei flott ramme kring arrangementet. Blant utstillarane fann vi Norges Bygdekvinneleg og Norsk seterkultur, som samarbeidde om stand, og såleis kan vi slå fast at "sonderingane" mellom dei to organisasjonane bar frukter. Elles la vi særleg merke til ein fin stand om born og ungdom sin bruk av fjell og utmark som skulane i Tolga sto for. For skuleborna var det sjølsagt stor stas at dronninga tok seg god tid på standen deira.



Oppfølging av Røros-konferansen:

Levande vern

er tema når arrangørane bak "Fjellenes kvinner" inviterer til eit større arrangement på Herdalssetra i Norddal på indre Sunnmøre 15.-17. august. Ein ønskjer med dette å vidareføre det store engasjementet frå den vellukka konferansen på Røros i desember i fjor. Målgruppe er alle som er interessert i naturforvaltning, kulturarv og friluftsliv i fjellet. Aktuelle problemstillingar vil vera: korleis ivareta og vidareføre tradisjonell bruk i fjellet - og : bruk og vern i forhold til natur, kultur og miljø. Evalueringa av konferansen på Røros har ført til at arrangørane ser for seg eit vidare samarbeid, som m.a. omfattar seminar i 2003 og 2004 - og så ein større konferanse igjen i 2005.

Endeleg program for seminaret på Herdalssetra, eller kanskje vi skal kalle det "rundesteins-konferansen", kjem i mai.

Ungdom til støls

Grønt Spa'tak 2003



To "Spatakista" slappar av i morgonsola utom seterstuggu på Seåsen i Rennebu. Frå venstre: Live Løbben og Ane Woll Godal.

DET ER TI ÅR SIDAN Natur og Ungdom og Norsk Bonde- og Småbrukarlag starta opp sommarprosjektet Grønt Spa'tak. Norske Felleskjøp og Norsk seterkultur har slutta seg til etterkvart. Gjennom Grønt Spa'tak gir vi ungdom arbeidsveker på seter eller beitetilsyn i rovdrytsette område om sommaren. Og samstundes som at deltakarane får ein annleis sommarferie, viser dei at norsk landbruk er viktig for å oppretthalda ein miljøvenleg matproduksjon i heile verda. - Vi soksar dette frå www.nu.no - og merkar oss vidare kva NU seier om landbruket.: Tenk globalt, produser mat lokalt. - All jordbruksproduksjon må skje på ein bærekraftig måte. Det er forureinande å frakte mat halve jorda rundt før han kjem til forbrukaren. Frihandel med mat spreier dessutan sjukdommar. I Norge er berre 3% av landarealet jord ein kan dyrke mat på. I tillegg har ein store utmarksressursar. Norge har ei plikt til å bruke desse ressursane til å produsere miljøvenleg mat. - I fjor opplevde Afrika ein av dei verste sultkatastrofane verda nokon gong har sett. Dette skuldast ikkje at vi har for lite mat i verda. Vi produserer meir mat enn vi treng, men maten er skeivt fordelt mellom menneska.

Tenk globalt,
produser mat
lokalt.

For at alle skal kunne ete seg mette kvar dag, må vi produsere maten lokalt og til lokale behov. Forskningsrapportar viser at med lokal matproduksjon sikrar ein matvaretryggleiken for dei fattigaste. Dette er ikkje alltid så lett. Lokale småbønder i sør kjempar for retten til å dyrke jorda til nytte for lokale behov. Ofte blir dei utkonkurrerte av storbønder som satsar på intensivt eksportjordbruk. - Dette er ein skjebne også norske bønder kan kome til å lide. Jordbruksforhandlingane i Verdas Handelsorganisasjon vil redusere tollsatsane kraftig. Det kan bety at det ikkje lenger løner seg å produsere mat i Norge, og at vi må importere mat frå EU og USA. - Å arbeide for

lokal matproduksjon til nytte for lokale behov, er internasjonal solidaritet og miljøvern i praksis. Derfor arrangerer vi Grønt Spa'tak. Ytterlegare informasjon og påmeldingsskjema (for ungdomane) er å finne på Natur og Ungdom si heimeside. Det er lagt opp til at minimum opphald på seter eller beitetilsyn er 10 dagar. Grønt Spa'tak er eit fint tiltak for samarbeid, dialog og alliansebygging - og i NSK håpar vi at mange seterbrukarar er interesserte i å tilby opphald for ungdom også komande sommar.

Bli med i



Da er du med på å:

- fremme seterdrifta og seterkulturen
- legge grunnlaget for eit informasjons- og kompetansesenter for seterkulturen
- skape eit nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får Seterbrukaren
4 gonger i året.

Medlemskontingent 2003

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttmedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjonar/institusjonar	kr. 500,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjonar/institusjon
- Støttmedlem/tinging av Seterbrukaren

Navn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg seg medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL

Tlf.: 70 25 91 77
Fax: 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
Bankgiro: 2367 20 51 169



NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL

Norsk Kulturarv

Norsk Kulturarv er en stiftelse som arbeider for å bevare den rike norske kulturarven for ettertiden. I kulturarven ligger det inspirasjon, opplevelser, kunnskap og identitet. Vi tror at for å kunne bringe disse verdiane videre må kulturarven brukes, bevaras og videreføres.

Norsk Kulturarv tror på det lokale næringslivet og arbeider for å støtte oppbeiningen av kulturarven. Dette gjør vi gjennom kompetse skolen, faglig støtte, utdanning og arbeidsveiledning og samarbeid med utdanningsvesen. For å skape en bedre kulturarvsopplæring.

Vi mener særlig på kulturarvsområdet er god samarbeidsforhold. Vi har derfor utviklet samarbeidsprogrammer "Vår sære", "Norsk sett utdanning" og "Kulturarvsopplæring". Vi har utviklet "Olevisen" - en kvalitetsopplæring.

av gode kulturarvsopplæring. Gjennom "Seter for bygdskole" - Norsk Kulturarv sitt fagstær skole i å lære opp barn og unge. Kunnskap om håndverkskunster og grønting for å utnytte lokale ressurser og gjennom videregående skole for å utnytte lokale ressurser.

Norsk Kulturarv er deg. Vi har et samarbeidsnettverk med alle berørte parter av den lokale næringslivet. Dette er en viktig del av den lokale næringslivet. Dette er en viktig del av den lokale næringslivet.

Et godt samarbeid på kulturarvsområdet er viktig for å bevare den rike norske kulturarven. Dette er en viktig del av den lokale næringslivet.

Det sterke samarbeid på kulturarvsområdet er viktig for å bevare den rike norske kulturarven.



Kunnskap



Opplevelse

Identitet



Inspirasjon



Kraftfôrvalg til beite er enkelt!

Kvaliteten og tilgangen på beitegras er svært viktig for varen og på forsørgningen. Utøver samarbeid med ditt lokale fôrhandlere å holde stabil kvalitet. Faktorer som beitetrykk og værforhold er de sentrale.

FORMEL BEITENØKKE				
Ytelse	Svært godt beite	Middels godt beite	Ugjødte beite/utmark	Lite beite
10 kg			1 kg FORMEL Føve 20	2 kg FORMEL Fiber
15 kg		1 kg FORMEL Føve 30	3 kg FORMEL Føve 20	4 kg FORMEL Fiber
20 kg	1 kg FORMEL Føve 30	3 kg FORMEL Føve 30	5 kg FORMEL Føve 20	6 kg FORMEL Fiber
25 kg	2 kg FORMEL Føve 30	5 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Føve 20	8 kg FORMEL Fiber
30 kg	3 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Føve 20	10 kg FORMEL Fiber
35 kg	4 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Fiber		

Dersom mjølkemengden går ned, vet du at det er på tide å vurdere mengde og type kraftfôr.

FORMEL

Økt lønnsomhet for bonden



Den Norske Turistforening formidler naturopplevelser for livet. Derfor samarbeider vi med Norsk Seterkultur for aktiv stølsdrift i et levende kulturlandskap.



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støtter Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma